

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/17	Førebuaude fellesnemnd - partssamansett utval	PS	20.03.2017
012/17	Førebuaude fellesnemnd - ny kommune	PS	20.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

Prosess for tilsetjing av prosjektleiar

Framlegg til vedtak:

1. Førebels fellesnemnd gir rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleie av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i *høve lov om offentlige anskaffelser*. Det blir lagt inn atterhald om departementet si endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtala med ein slik leverandør skal også gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.
2. Formell fellesnemnd skal hausten 2017 setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av eksisterande rådmenns rettskrav, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetjing av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.
3. Kostnadar til arbeidet med anbudsprosessen, inkludert eventuelle kostnadar til å engasjere ekstern bistand, blir dekt av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Førebuaude fellesnemnd - partssamansett utval - 002/17

PFELLES - behandling:

Leiar av førebuaude fellesnemnd fremma følgjande forslag til endring av punkt to i vedtaket: Setninga «Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av eksisterande rådmenns rettskrav, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetjing av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.» vert endra til «Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av rettskrav knytt til eksisterande rådmannstillingar, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetjing av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.»

Framlegg til vedtak med endring vart samrøystes vedteke.

PFELLES - vedtak:

1. Førebels fellesnemnd gir rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleie av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i *høve lov om offentlige anskaffingar*. Det blir lagt inn atterhald om departementet si endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtala med ein slik leverandør skal også gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.
2. Formell fellesnemnd skal hausten 2017 setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av rettskrav knytt til eksisterande rådmannstillingar, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetjing av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.
3. Kostnadar til arbeidet med anbudsprosessen, inkludert eventuelle kostnadar til å engasjere ekstern bistand, blir dekt av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Førebuaude fellesnemnd - ny kommune - 012/17

FELLES - behandling:

FELLES - vedtak:

1. Førebels fellesnemnd gir rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleie av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i høve lov om offentlige anskaffingar. Det blir lagt inn atterhald om departementet si endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtala med ein slik leverandør skal også gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.
2. Formell fellesnemnd skal hausten 2017 setja i gong ein tilsettingsprosess for å tilsetja ein prosjektansvarleg i prosjektperioden fram til 31.12.2019, som og skal vera rådmann i den nye kommunen frå 01.01.2020. Etter at ordførarane har avklart vidare prosess etter ei vurdering av eksisterande rådmenns rettskrav, utarbeidast det ei ny sak til fellesnemnda om prosess for tilsetting av prosjektansvarleg/rådmann til den nye kommunen.
3. Kostnadar til arbeidet med anbudsprosessen, inkludert eventuelle kostnadar til å engasjere ekstern bistand, blir dekt av eingongsstønaden som blir utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Saksopplysningar:

Samandrag:

For å sikre fokus og tilstrekkeleg kapasitet til oppgåva med å leie prosjektet, er det viktig å få tilsett ein prosjektleiar. Prosjektleiaren vil få eit hovudansvar med å få god framdrift i prosessen med å etablere ein ny kommune, og samstundes ha ansvaret for at prosessen skjer i høve til gjeldande regelverk og avtalar, og for at prosjektet har oversikt og kontroll over alle aktivitetar som er avgjerande for å få etablert den nye kommunen til 1. januar 2020. I samband med gjennomføringa av denne prosessen er det viktig å ha avklart om kommunane ønskjer at prosjektleiaren som blir tilsett også skal bli rådmann i den nye kommunen. Saksførebuande utval ynskjer at det tilsettast ein prosjektleiar i fyrste omgang, frå august 2017. Så setter ein gong ein prosess hausten 2017 for å tilsette ein prosjektansvarleg, som og blir rådmann i den nye kommunen. I denne saka tilrår vi å gjennomføre ein anbudsprosess for å få ein avtale på plass med prosjektleiing før sommarferien 2017. Og så avklare prosess for tilsetting av ny rådmann/prosjektansvarleg og legge fram ei sak for fellesnemnda hausten 2017 angående det.

Saksutgreiing:

Kommunelova slår fast at kvar kommune skal ha ein administrasjonssjef (rådmann) til å leie den administrative drifta av kommunen, jf. § 22 (*Administrasjonssjef*) i kommunelova. I høve kommunelova er det kommunestyret som skal tilsetja administrasjonssjefen i ein etablert kommune.

I samband med kommunesamanslåing kan denne fullmakta bli delegert til Fellesnemnda, jfr. Inndelingslovens § 26. *Fellesnemnd*. Dette har som føresetnad at fullmakta blir delegert frå alle kommunestyra til fellesnemnda.

Lindås, Meland og Radøy har starta arbeidet med å førebu samanslåinga av dei tre kommunane gjennom å etablere ei førebels fellesnemnd. Denne nemnda skal saman med ei utviding på 6 tillitsvalte utgjera det partssamansette utvalet (PSU). I mandatet som fellesnemnda/PSU har fått frå kommunestyra i dei tre kommunane står det:

- «Proessen for tilsetting av prosjektleiar inkludert korleis tillitsvalde skal inkluderast på ein god måte, skal handsamast av partssamansett utval. ...»

For å sikre god framdrift i dette arbeidet er det avgjerande at PSU peiker ut nokre medlemmer som får et særskilt ansvar for planlegging og gjennomføring av denne prosessen.

Den førebelse fellesnemnda må ta nokre strategiske val før stillinga som prosjektleiar blir lyst ut, og 2 spørsmål må svarast ut:

1. Skal ein tilsetja ein prosjektleiar som også skal bli rådmann i den nye kommunen, eller skal ein tilsetja/leiga inn ein prosjektleiar og samstundes tilsetja ein prosjektansvarleg som skal bli rådmann i den nye kommunen?
2. Dersom ein skal ha 2 roller, og ein skal ha ein prosjektleiar som skal vera i stillinga til ny kommune er i drift, skal ein då tilsetja ein ressurs midlertidig, eller skal ein gjennomføra ein anbudsprosess for å leiga inn prosjektleiings-ressursar?

Det kan vera gunstig å leiga inn ein prosjektleiar om fellesnemnda vil bruka lengre tid på å finna ny rådmann. Eit argument for at prosjektleiar også skal bli den nye kommunens første rådmann, er at ein dermed sikrar kontinuitet, ved at prosjektleiaren er den som skal driva den nye kommunen i framtida og at han eller ho er den som på sikt skal sikra realiseringa av gevinstar. Det ein kan stilla spørsmål ved er om den kompetansen ein treng hos ein prosjektleiar i eit slikt prosjekt er overlappende med den kompetansen ein treng hos ein rådmann for ein stor, ny kommune. Ei anna problemstilling knytt til dette er omfanget eit slikt prosjekt med samanslåing har, og om det er kapasitet hos ein person til å dekkja alt dette. Ved å dela det ansvar og oppgåver som ligg til ein prosjektleiar på to roller, prosjektleiar og prosjektansvarleg, kan ein tilføra meir kapasitet til gjennomføringa, få spisskompetanse på både prosjektfaget og rådmannskompetanse, og samstundes ivareta behovet for kontinuitet.

Saksførebuaende utval har konkludert med at det vil vera mest hensiktsmessig å dela dette inn i to roller, at ein både tilset/leiger inn ein prosjektleiar og tilset ein prosjektansvarleg/rådmann i ny kommune.

Når det gjeld spørsmål 2, om ein skal tilsetja ein prosjektleiar midlertidig eller leiga inn eit kompetansemiljø som kan levere prosjektleiing og anna prosjektkompetanse, er det ei meir robust løysing å leiga inn eit miljø som kan tilby både prosjektleiing og anna nødvendig kompetanse. Kompetansebehovet i ein samanslåingsprosess er svært stort og breitt, og ein ynskjer å leggje til rette for ein best mogleg prosess og best mogleg resultat for innbyggjarane.

Saksførebuaende utval har konkludert med at det vil vera mest hensiktsmessig å gjennomføra ein anbudsprosess for å leiga inn eit kompetansemiljø med ein prosjektleiar og anna kompetanse prosjektet kan ha behov for. Avtale om ny prosjektleiing bør vera på plass før sommaren 2017, då eksisterande avtale går ut i juli 2017.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom kommunane vel å søkja bistand eksternt for gjennomføring av anbudsprosessen vil dette ha økonomiske konsekvensar. Alternativet er å nytta seg av innkjøpskompetansen og –kapasiteten i dei eksisterande kommunane. Difor foreslår vi i denne saka å setja av eit budsjett på kroner 100.000 til arbeidet som kan nyttast om nødvendig.